

## Vellukka elghundutstilling.

22.05.2017



Beste hund vert kåra. Dommar Terje Lindstrøm i midten saman med Henning Knutsen og Anita Lie(t.h.)

Sidan 2008 har det kvart år vore elghundutstilling i Uskedalen. Før det var den nokre år i Tveitedalen. Det er Hordaland elghundklubb som har ei stor og aktiv gruppe her i Kvinnherad, som står for utstillinga. Årets utstilling var sist helg, og det kom tilreisande frå heile landet. 50 elghundar var med på utstillinga.



Anita Lie vart tildelt heiderspremie som oppdrettar for desse flotte hundane.



Her vert dei nøye vurdert av dommar Terje Lindstrøm.

Utstillinga er eit fast innslag i bygda vår kvart år i mai månad, og den trekkjer mykje folk til bygda. Sjølve utstillinga føregår i skuleområdet, og Anita Lie i Hordaland elghundklubb fortel at arrangøren har fått masse skryt av utstillarane for den flotte naturen og dei flotte rammene rundt utstillingen. Deltakarane blir tatt godt imot på Rabben Feriesenter der dei bur, og elles i bygda.

Veret i år var heilt perfekt for hundeutstilling med overskya ver og behageleg temperatur. Hundane vart nøye vurdert av dommer Terje Lindstrøm. Av dei lokale deltakarane blei hunden til Anita Lie, Børvelia's Oda, beste tisper, medan Børvelia's Pippi til Lars Johan Ekeland ble nr 2. Kvinnherad er kjent for det store svarhundmiljøet, og det er ekstra stas når lokale hundar hevdar seg. Beste hund totalt vart Vossasvarten's D Alfa til Henning Knudsen fra Sandnes.

Anita Lie stilte også i oppdrettarklassen. Der må ein ha 4 hundar som har oppnådd gode nok resultat på utstillingen til å få delta. Ho fekk tildelt heiderspremie med svært god omtale for oppdrettet.

Hordaland Elghundklubb vil takka Felleskjøpet og dei andre sponsorane for all hjelp og støtte. Dei er viktige for dette vellukka arrangementet.



Liten og stor kosa seg. Vesle Kristi(1 år) var med heile dagen, og like blid heile tida.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ingeborg Øyna